

Årsmelding 2012

© SIRUS
Oslo 2013
ISBN 978-82-7171-395-9 (trykt)
ISBN 978-82-7171-396-6 (pdf)

SIRUS
Pb. 565 Sentrum
0105 Oslo
Besøksadresse: Øvre Slottsgate 2B
Telefon: 22 34 04 00
E-post: sirus@sirus.no
www.sirus.no

Design og grafisk produksjon:
07 Gruppen 2013, www.07.no

Innhold

Forord	4
1 Innleiing	7
2 Tilsette	9
3 Forskings- og dokumentasjonsverksemda	13
3.1 Gruppe for alkoholforskning	13
3.2 Gruppe for narkotikaforskning	15
3.3 Gruppe for tobakksforskning	17
3.4 EMCDDA – Focal Point-funksjonen	18
4 Publikasjonar	20
4.1 Bøker og forskingsrapportar	20
4.2 Vitskapelege artiklar og bokkapittel	21
4.3 Dokumentasjon	26
4.4 Populærartiklar, debattinnlegg, bokomtalar	27
4.5 Oppsummeringar på www.sirus.no	28
5 Formidling	29
5.1 Publikasjonar	29
5.2 www.sirus.no	30
5.3 SIRUS-biblioteket	30
5.4 Media	31
5.5 Andre formidlingskanalar	32
5.6 Fagmøte	32
5.7 Foredrag og anna formidling	34
6 Anna aktivitet hos medarbeidarane	35
6.1 Foredrag, posters o.l.	35
6.2 Undervising og rettleiing	42
6.3 Konsulentarbeid, komité- og styreverv	43
6.4 Internasjonalt samarbeid utanom EMCDDA	47
7 Instituttet sitt fagråd	50
8 Økonomi og administrasjon	52
8.1 Inntekter	52
8.2 Utgifter	54
8.3 Rekneskapen	54
8.4 Administrative saker	55
8.5 Maskiner og utstyr	56

Forord

2012 var eit godt arbeidsår for SIRUS. Denne årsmeldinga gir ei oversikt over dei resultatane som blei skapt og dei ressursane som instituttet hadde i 2012.

Ei særleg viktig oppgåve for instituttet er å medverke til kunnskapsutvikling innan samfunnsvitenskapleg orientert rusmiddelforskning, så vel nasjonalt som internasjonalt. Det er såleis gledeleg å fastslå at kunnskapsproduksjonen heldt eit høgt nivå i 2012, med over 80 publiseringar. Av dette var om lag halvparten vitenskaplege publiseringar i internasjonale tidsskrift og bøker. Det blei også publisert vitenskaplege arbeid, dokumentasjonsrapportar og populærvitenskaplege arbeid i norske publiseringsskanalar. Ikkje minst er SIRUS sin eigen rapportserie viktig for mange. Av våre eigne publiseringar, er det verdt å merkje seg boka «Lastenes møtested – SIRUS 50 år». Den dokumenterer SIRUS si 50 år lange historie, men gir også eit interessant innblikk i utviklinga innan samfunnsfagleg rusmiddelforskning og aktuelle rusmiddelpolitiske tema gjennom dei siste tiåra.

Ei rekkje av dei vitenskaplege arbeida som er publisert i 2012 har gitt ny og viktig innsikt. Publikasjonslista gir ei detaljert oversikt, og mange av publikasjonane kan ein få tilgang til via SIRUS sin nettstad. Det er ikkje tid og rom her til å nemne dei alle. La meg berre kort nemne nokre få viktige tema som er behandla. Frå forskarar i tobakksgruppa blei det publisert ei rekkje arbeid om snusen si rolle. Kva rolle spelar snus i overgangen til og frå røyking? Kva veit folk og helsepersonell om den helserisikoen som bruk av snus representerer i forhold til den risikoen som følgjer med det å røykje? Dei mange vitenskaplege arbeida innanfor dette feltet, spenner i sum opp eit lerret der to perspektiv blir brote mot kvarandre: eit individfokustert perspektiv som vektlegg dei mogelege negative medisinske konsekvensane av snusbruk på enkeltindividet, versus eit samfunnsmedisinsk perspektiv som vektlegg dei mogelege positive folkehelseeffektane av at snusbruk erstattar røyking hos eit betydeleg tal individ. Frå forskarar i alkoholgruppa blei det også i 2012 publisert ei rekkje arbeid som dokumenterer negative konsekvensar av alkoholbruk, som for eksempel vald, suicidal åtferd og fyllekøyring. Ikkje minst blir det omfattande dokumentert konsekvensar på barn og unge si helse og velferd. Den aukande alkoholbruken blant eldre, som uroar mange, er også behandla i publikasjonane. Forskarane i narkotikagruppa publiserte i 2012 blant anna funn frå ein tiårig oppfølgingsstudie av narkotikabrukarar i behandling. Funna gir grunnlag for både optimisme og realisme i forhold til korleis det går med dei som gjennomgår behandling. Verdien av å kunne tilby gode lågterskeltilbod blei også handsama i fleire rapportar. Eit særleg interessant prosjekt som blei starta i 2012, dreier seg om å utføre målingar av avløpsvatnet for på den måten å kunne seie noko om bruken av narkotika i befolkninga. Dette prosjektet viser korleis ny teknologi kan brukast i rusmiddel-epidemiologisk forskning, og er planlagt vidareført i 2013 i eit samarbeid med NIVA og fleire norske byar.

Ei viktig oppgåve for SIRUS er å hjelpe helsestyresmaktene med utgreiings- og dokumentasjonsoppgåver. I 2012 bidrog instituttet på ei rekkje område,

men eitt område peikar seg ut som særleg viktig. Tobakksprodusenten Philip Morris saksøkte den norske stat for å få oppheva forbodet mot synleg oppstilling av tobakksvarer i butikkane. Staten vann saka, og oppstillingsforbodet er lovleg. Forskarar ved SIRUS bidrog i omfattande grad både før og under rettsaka med kunnskap og dokumentasjon. Truleg bidrog dette til det positive utfallet som saka fekk. Fleire tilsette bidrog i 2012 også til det viktige arbeidet som blir utført i det europeiske overvakingssenteret for narkotika (EMCDDA), der SIRUS er Noreg sitt kontaktpunkt.

SIRUS har ei framståande rolle som formidlar av kunnskap om rusmiddelfeltet. Instituttet blir ofte brukt som kjelde til faktagrunnlag for dei sakene pressa dekkjer, eller for debattar som blir førde i offentlegheita. I dette formidlingsarbeidet spelar nettstaden sirus.no ei sentral rolle. Publikasjonar som blir utgitte frå SIRUS blir her ofte lagt ut i fulltekst. I tillegg blir det publisert nyheitsartiklar som fortel om pågåande forskning og oppnådde resultat. For mange er nettstaden også vegen inn til informasjon om dei tenestene som instituttet sitt nasjonale fagbibliotek på rusmiddelområdet kan tilby, samt til den opne statistikkbasen RusStat. Formidlingsarbeidet blei også vareteke ved at tilsette i løpet av 2012 heldt meir enn hundre foredrag. Det blei og arrangert fire opne fagmøte med svært godt oppmøte. I tillegg arrangerte instituttet eit ope heildagsmøte med tittelen «Hva vet vi om cannabis?». Møtet, som samla rundt 200 deltakarar, fokuserte både på kva vi veit om bruk av «tradisjonell» cannabis, samt den kunnskap som finst om dei «nye» syntetiske cannabinoidane. Ei bok vil bli publisert i 2013, som ein oppfølgjar av konferansen.

I 2012 fekk SIRUS vedteken ein ny strategiplan. Denne gjeld for perioden 2012–2016. Planen legg eit godt grunnlag for faglege og økonomiske prioriteringar for åra som kjem. Arbeidet med å konkretisere tiltak som følgjer av strategiplanen er allereie godt i gong, ved at ulike arbeidsgrupper har arbeidd med tema som organisering av dokumentasjonsarbeidet, fagleg produktivitet, datatryggleik og kommunikasjon.

SIRUS står framfor eit omfattande generasjonsskifte i åra som kjem. Fleire høgt kompetente og erfarne medarbeidarar vil gå av med pensjon. For å dra nytte av kompetansen deira har SIRUS lagt til rette for at pensjonistar som vil halde seg fagleg aktive, skal få høve til det. Sturla Nordlund og Jostein Rise gjekk i 2012 over i pensjonistane sin rekkjer. Eg vil takke dei for betydeleg og årelang innsats ved SIRUS. Eg vil også takke Odd-Anders With, som i to periodar har leia instituttet sitt fagråd på ein entusiastisk og innsiktsfull måte. Det SIRUS har oppnått i 2012, er ein refleksjon av det arbeidet som er lagt ned av instituttet sine tilsette og medlemene i fagrådet – dei blir alle takka for innsatsen i 2012.

Oslo, 2. februar 2013

Pål Kraft
Direktør

1 Innleiing

Statens institutt for rusmiddelforskning (SIRUS) blei oppretta i 2001 ved ei samanslåing av Statens institutt for alkohol- og narkotikaforskning (SIFA) og dokumentasjonsseksjonen/biblioteket i det daverande Rusmiddeldirektoratet. Frå 2002 omfattar forskingsområdet også tobakk. Instituttet er i tillegg nasjonalt kontaktpunkt for EU sitt narkotikaovervakingssenter, EMCDDA.

I vedtektene § 1 heiter det om instituttet sitt formål:

«Statens institutt for rusmiddelforskning er en forskningsfaglig selvstendig institusjon som har som formål å utføre forskning som kan bidra til økt kunnskap omkring bruk og misbruk av rusmidler og andre avhengighetsskapende midler, med særleg vekt på samfunnsvitenskapelige problemstillinger.

Instituttet skal:

- *kartlegge sosiale og helsemessige skadevirkningar som bruken av rusmidler fører til, problemenes årsaker og hvordan disse skal kunne løses eller reduseres gjennom offentlig og privat innsats*
- *bidra med kunnskap av betydning for arbeidet med å forebygge misbruk av rusmidler*
- *kartlegge virkningar av eksisterende ordningar og muligheter for forbedringer*
- *vurdere sammenhenger og mulige tiltak på tvers av gjeldende inndeling i forvaltningssektorer og nivåer*
- *sikre at kunnskap gjer tilgjengelig.»*

Dette fastsett ramma for instituttet si verksemd. For det fyrste blir verksemda sin art avgrensa. Formålet til instituttet er å drive forskningsbasert kunnskapsproduksjon og -formidling. Hovudsakleg vil dette vere av samfunnsvitenskapleg karakter. Klinisk og/eller biomedisinsk forskning fell i utgangspunktet utanfor instituttet sine forplikningar.

For det andre blir også området for verksemda avgrensa. Mandatet er primært knytt til rusmiddel, jf. dei meir detaljerte forpliktingane som blir fastsett i andre ledd. Vedtektene siktar her fyrst og fremst til alkohol og narkotika, men etter at ei gruppe tobakksforskarar i 2002 blei overført frå Folkehelseinstituttet i samband med reorganiseringa av den sentrale sosial- og helseforvaltninga, omfattar primærområdet også tobakksforskning. Vedtektene opnar likevel opp for verksemd knytt til andre vanedannande middel og åtferdsformer, som f.eks. pengespel og pengespelproblem, og legalt føreskrivne lækjemiddel. I tråd med dette har instituttet også prosjekt om pengespel/pengespelproblem og bruk/misbruk av lækjemiddel.

I § 2 i vedtektene om instituttet sine oppgåver, heiter det i fyrste ledd:

«Instituttet skal ha forskning som sin primæraktivitet. For å sikre kunnskapsspredning og tilgjengelighet til forskningsresultater, statistikk og fagmateriale for viktige målgrupper, skal instituttet også ha dokumentasjon, formidling og faktainformasjon som viktige oppgaver. Som ledd i dette skal instituttet ha et nasjonalt kompetansebibliotek for rusmiddelspørsmål.»

Instituttet er med andre ord ikkje eit reint forskingsinstitutt, sjølv om forskingsaktiviteten utgjer kjerneområdet. Instituttet si tobakksforskning har ei meir avgrensa rekkjevidde. Denne omfattar ikkje tilsvarande dokumentasjonsoppgåver som for alkohol og narkotika, då dette vert ivareteke av Helsedirektoratet. Instituttet har heller ikkje ansvar for dokumentasjon for pengespel og lækjemiddel.

Hovudmåla for verksemda kan med andre ord formulerast slik:


- Drive forskning av fagleg høg kvalitet på rusmiddelfeltet og hendinge område.
- Skaffe relevant dokumentasjon knytt til alkohol og narkotika.
- Formidle gjeldande kunnskap til viktige brukargrupper.

Instituttet er ein sjølvstendig institusjon som fram til 31.12.2005 låg under det daverande Arbeids- og sosialdepartementet, men blei frå 1.1.2006 overført til Helse- og omsorgsdepartementet. Instituttet blir leia av ein direktør tilsett på åremål. Frå 2005 er det tidlegare styret avløyst av eit fagråd på åtte medlemmer, valde av overordna departement.

2 Tilsette

I 2012 hadde SIRUS 41 årsverk. Disse var fordelt på 30,4 årsverk til vitenskapelig arbeid/dokumentasjon, 6 til kommunikasjon/bibliotek og 4,6 til administrasjon – inkl. direktørstillinga. Utviklinga i talet på årsverk går fram av figur 1.

Figur 1. Årsverk



Alle dei fast tilsette forskarane har kompetanse på minst doktorgradsnivå. Fem tilsette arbeidde i 2012 mot doktorgrad. Dei tilsette i 2012 var:

Faste stillingar:

Direktør Pål Kraft, dr. philos.

Forskningsleiarar: Karl Erik Lund, dr. polit.
(midl. funksjon) Astrid Skretting, cand. sociol.
Elisabet E. Storvoll, dr. polit.
Anne Line Bretteville-Jensen, dr.polit.

Forskarar: Ellen J. Amundsen, dr.philos.
Elin K. Bye, Ph.D
Sturla Falck, mag.art.
Bergljot Baklien, cand.sociol.
Øyvind Horverak, cand.oecon.
Ingeborg Lund, cand.polit.
(foreldrepermisjon delar av året)
Inger Synnøve Moan, dr.polit.
(foreldrepermisjon delar av året)
Elisabeth Kvaavik, Ph.D
Sturla Nordlund, cand.real. (t.o.m.30.09)
Hilde Pape, dr.psychol
(perm. 01.01–30.08, 80 % 01.09–31.12)
Jostein Rise, dr. philos.
Ingeborg Rossow, dr. philos.
Janne Scheffels, dr.polit.
Gunnar Sæbø, dr.polit.
Ståle Østhus, Ph.D

Seniorrådgjevarar: Anders Bryhni, cand.polit.
Odd Hordvin, sosionom
Grethe Lauritzen, cand.polit.
Jorunn Moen, bibliotekar

Rådgjevarar: Marit Edland-Gryt, master i sosiologi
Marianne Lund, cand.polit.
Hilgunn Olsen, cand.polit.
(foreldrepermisjon delar av året)
Øystein Skjælaaen, cand.polit.
(foreldreperm 01.10–31.12).

Administrasjonssjef: Benedicte Angell, cand.mag.

Seniorkonsulent: Jorunn A. Hannasvik (80 %)

Førstekonsulent: Beth Løken Haugen (80 %)

- Konsulent:** Nada Halabi
- Informasjonssjef:** Erik Bull-Valen
- Hovudbibliotekar:** Johanne Longva (10 % t.o.m. 31.07, 100 % frå 01.08)
- Spesialbibliotekarar:** Beate Henriksen
Linda Solheim

Mellombelse stillingar:

- Forskarar:** Linn Gjersing, Ph.D.
Torleif Halkjelsvik, Ph.D. (f.o.m. 01.06)
Thor Norström, fil.dr. (20 %)
Astrid Skatvedt, Ph.D (t.o.m. 30.06)
Hans Olav Melberg, Ph.D (20 %)
Mette I. Snertingdal, Ph.D (t.o.m. 30.06)
- Stipendiatar:** Kristin Buvik, cand. polit. (f.o.m. 01.02)
Elisabeth Larsen, cand.polit.
Tord Finne Vedøy, master i sosiologi
Line Schou, master i sosiologi
- Spesialbibliotekar:** Gro Heidi Råmunddal (t.o.m. 31.07)
- Rådgjevarar:** Unni Krogh, cand.philol. (50 %, t.o.m. 30.06)
Rikke Tokle, master i sosiologi (t.o.m. 15.11)
Ola Røed Bilgrei, master i sosiologi
(01–31.01, 01.07–31.12)

Pensjonistane Ragnar Hauge, Sturla Nordlund (tidlegare forskarar) og Eva Hausken (tidlegare rådgjevar) er framleis tilknytt instituttet gjennom arbeid med einskilde prosjekt.

Likestilling, jf. likestillingslova si § 1a

Pr. 31.12.12 var det 42 tilsette ved instituttet, av desse var 28 kvinner og 14 menn, dvs. ein kvinnedel på 68 %. I tillegg kjem to forskarar, begge menn, tilsette i 20 % stillingar.

Stillingsgruppene ved SIRUS er grupperte i a) leiarstillingar, b) forskarar, stipendiatstillingar, forskingsmedarbeidarar og dokumentasjonsstillingar, og c) teknisk-administrative stillingar.

Dei faste leiarstillingane var besett av to menn og ei kvinne. F.o.m. mars 2006 har tre av forskarane hatt ein mellombels funksjon som forskingsleiar. Desse er i omtalen nedanfor rekna med blant forskarane med dei ordinære forskarlønningane sine. F.o.m. september 2011 er det i tillegg oppretta ein mellombels funksjon som forskingsleiar for instituttovergripande saker. I stillingsgruppe b)

var det ut frå dette 24 kvinner og 12 menn, mens det i dei teknisk-administrative stillingane, stillingsgruppe c), var tre kvinner.

Det gjennomsnittlege lønnsnivået for alle tilsette pr. 31.12.2012 tilsvarde lønnstrinn 65 i statsregulativet. Mennene hadde eit høgare gjennomsnittleg lønnstrinn (l.tr. 69) enn kva gjeld kvinnene (l.tr. 63). Dette har samanheng med at det berre er kvinner i dei lågast lønte stillingane (teknisk administrative og biblioteket).

I SIRUS sin lokale tilpassingsavtale til Hovedavtalen i staten, er det nemnt ulike likestillingstiltak, blant anna kjønnsnøytrale kriterium for lønnsfastsetjing og at kvinner skal verte gitt same moglegheit som menn til å arbeide med kvalifiserande arbeidsoppgåver og til å varetake prosjektleiarfunksjonar og andre leiarfunksjonar. Slik fordelinga av menn og kvinner er ved instituttet, og slik dei arbeids- og lønsmessige vilkåra fordeler seg, har ikkje instituttet meint at det har vore behov for tiltak ut over dette.

3 Forskings- og dokumentasjonsverksemda

Den faglege aktiviteten ved SIRUS er organisert i tre faggrupper: gruppe for alkoholforskning, gruppe for narkotikaforskning og gruppe for tobakksforskning. Faggruppene har ansvar for utvikling av sine respektive substansområde ved å produsere kunnskap og halde seg oppdatert om kva som hender på feltet, så vel nasjonalt som internasjonalt. Som eit anvend samfunnsvitenskapleg institutt med ansvar for eit problemområde som er viktig for samfunnet, skal det produsere tre typar av kunnskap: (i) kunnskap om problema sin storleik og fordeling, (ii) kunnskap om problema sine årsaker, og (iii) kunnskap om tiltak og verkemiddel for å redusere problema. Ansvar for dokumentasjon er integrert i forskingsaktiviteten.

Ein av instituttet sine medarbeidarar, Ingeborg Rossow, fekk Oscar Olsenprisen for 2012.

I samband med 50-årsjubileet til instituttet i 2010 blei det sett i gong eit arbeid med å skrive instituttet si historie, noko som resulterte i boka *Lastenes møtested*, som kom ut i 2012.

3.1 Gruppe for alkoholforskning

Aktiviteten i denne faggruppa har hovudsakleg vore knytt til forskingsprosjekt som strekkjer seg over fleire år, men det er også gjort avgrensa evalueringar samt meir dokumentasjonsprega oppgåver. I tillegg har forskarane i gruppa drive med utstrekt forskingsformidling – både til relevante fagmiljø, praksisfeltet og den breie allmenta. Forskings- og dokumentasjonsaktiviteten kan delast inn i tre overordna kategoriar: alkoholbruk, alkoholrelaterte skader/problem og verkemiddel.

Ein sentral del av arbeidet i faggruppa er å følgje utviklinga i **alkoholbruk** i ulike undergrupper i befolkninga. I 2012 blei det utgitt ein rapport som såg på endringar i alkoholkonsumet blant eldre i perioden 1985–2008. Det blei vidare publisert ein artikkel som framstiller utviklinga i rusmiddelbruken til ungdomen frå midten av 90-talet og fram til i dag. Elles fortset arbeidet med å forbetre den norske alkoholstatistikken – både på nasjonalt og kommunalt nivå. Det blir blant anna teke sikte på å få betre oversikt over den uregistrerte omsetninga, og korleis omsetninga fordeler seg på sals- og skjenkjestader. I 2012 blei dei fyrste rapportane om avgiftsfritt sal på flyplassar og ferjer i utanlandstrafikk utgitt.

I samarbeid med SSB, starta instituttet i 2012 ei ny rekkje av befolkningsundersøkingar for å kartleggje bruk av alkohol og andre rusmiddel. Dette er meint å vere ei årleg undersøking som etter kvart skal gi grunnlag for å framstille utviklinga i bruk av ulike substansar over tid, men allereie no vil dette datasettet bli brukt til å gi oppdaterte framstillingar av rusmiddel- og tobakksbruken i befolkninga, og korleis dette fordeler seg i ulike undergrupper. Det er dessutan fleire prosjekt i oppstartsfasen som skal sikre betre kunnskap om den norske alkoholkulturen, blant anna empiriske studiar av drikkekulturen på skjenkjestader.

Det er fleire prosjekt som ser på ulike **skadar og problem** knytte til alkoholbruk – både når det gjeld eigen og andre sin bruk. Det blir blant anna retta søkjelys på vald, promillekøyning, barn som skadelidande, negative konsekvensar for arbeidslivet og opplevd ubehag knytt til andre si drikking. Det er dessutan eit prosjekt der ein ser nærmare på samanhengen mellom endringar i totalkonsum og omfang av alkoholrelaterte skadar. I 2012 blei det blant anna utgitt to bokkapittel som viser tidlegare forskning om samanhengen mellom alkoholbruk og høvesvis vald og drap. Det blei dessutan publisert fleire arbeid som ser på samanhengen mellom alkoholbruk i tenåra og moglege negative konsekvensar i vaksen alder. I tillegg er det publisert ein artikkel som framstiller samanhengen mellom foreldra sin alkoholbruk og sjølv-mordsåtferd blant unge.

Eit tredje sentrale område er knytte til ulike **verkemiddel**. Instituttet har fleire pågåande prosjekt som ser på bruk av-, oppslutning om- og forventa effekt av ulike alkoholpolitiske verkemiddel. Blant desse er ei årleg kartlegging av korleis kommunane forvaltar dei moglegheitene alkohollova gir når det gjeld å forme eigen alkoholpolitikk. I 2012 blei det publisert fleire arbeid med fokus på lokalt rusførebyggjande arbeid – bla. kommunane sin kontroll med sal og skjenking, og langtidskonsekvensar av ein omfattande satsing på lokalførebygging (Regionprosjektet). Oslo kommune har sett i verk ei større satsing (SALUTT) for å minske alkoholrelatert vald og skadar på utestader, samt å utvikle ein kultur som motverkar overskjenking og servering til mindreårige. SIRUS følgjer denne satsinga. Dei to fyrste rapportane frå evalueringa blei utgitt i 2012. Kort sagt tyder testkjøp gjort av skodespelarar som spelar drukne på at ein svært høg del av dei som er drukne får servering på

Oslos utestader. Talet ser likevel ut til å ha gått noko ned under oppstartsfasen av SALUTT.

Alkoholgruppa har dei siste åra hatt eit særleg fokus på skjenketider, eit arbeid som i 2012 resulterte i publikasjonar som skildrar korleis skjenketidene påverkar valdsomfanget og omsetninga i utelivsbransjen. Det blei dessutan utgitt ein historisk artikkel der ein diskuterer om norsk alkoholpolitikk har favorisert drikkar med låg alkoholprosent. I eit anna arbeid som er relevant for førebygging av alkoholrelaterte skadar og problem – og då særleg blant unge – blir det retta eit kritisk blikk på forskning som viser at ungdom overvurderer førekomsten av rusmiddelbruk blant jamaldra.

Det er dessutan utgitt publikasjonar som skildrar og summerer sentral forskning både ved instituttet og andre stader. I tillegg er det publisert ein artikkel med fokus på epidemiologiske studiar i alkoholforskinga. Det kan også nemnast at ein av instituttet sine tidlegare tilsette disputerte på ei avhandling om pengespel blant ungdom – eit arbeid som var utført ved SIRUS

3.2 Gruppe for narkotikaforsking

Aktiviteten i faggruppe for narkotikaforsking har i 2012 dels vore knytt til prosjekt som strekkjer seg over år, dels til avgrensa evalueringar og dels til meir dokumentasjonsprega oppgåver. Det blei starta fire nye prosjekt i 2012, og fire blei avslutta.

SIRUS har i mange år hatt fokus på det tunge narkotikamisbruket i Noreg. Prosjekt som estimerer talet på sprøytemisbrukarar, analyserer narkotikadødsfall, behandling av pasientar med narkotikaproblem, forbruk, og korleis sprøytemisbrukarar skaffar seg inntekter osv. har derfor hatt stor plass i porteføljen. To artiklar om narkotikadødsfall blei publisert i 2012: Ein artikkel om kjenne-teikn og årsaker til narkotikadødsfall i Oslo, og ein om dødsårsaker hos ei gruppe følgde opp i heile 33 år. Eit viktig datatilfang er ein lang tidsserie av intervju av brukarar av den sentrale sprøyteutdelinga i Oslo. Dette er data som dannar grunnlag for fleire delprosjekt, og datainnsamlinga heldt fram også i 2012. Nye prosjekt skal undersøkje tenestetilbodet for narkotikamisbrukarar etter frigiving frå fengsel, og analysere data frå Norsk pasientregister.

Dei viktigaste funna i den omfattande studien av narkotikamisbrukarar som blei teken inn i behandling i 1998/99, og som er følgt opp gjennom 10 år, er presenterte i ein rapport. Det er også publisert artiklar frå prosjektet, og nye artiklar er under arbeid.

Stiftinga Kirkens bymisjon Oslo tek imot monalege midlar frå staten for å prøve ut eit døgnoppe lågterskel hjelpetilbod til dei mest utsette rusmiddel-misbrukarane (24SJU). SIRUS fekk i oppdrag frå Helsedirektoratet å evaluere prosjektet. Evalueringa fokuserer dels på korleis det blir arbeidt med mål-gruppa, dels på korleis målgruppa ser på tilbodet og dels på samhandlinga

mellom 24SJU og dei ulike delane av hjelpeapparatet. Ein omfattande evalueringssrapport blei publisert i 2012, og ein artikkel som diskuterer lågterskeltilbod blei publisert i eit internasjonalt tidsskrift.

Frå eit prosjekt kalla «*Rusmiddelpolitiske prosesser*» kom det i 2012 to publikasjonar. I regi av Nordisk Velferdssenter (NVC) er det gitt ut ein antologi om helse- og velferdspolitikken i dei nordiske landa, der SIRUS har bidrege med eit kapittel om den politiske debatten rundt heroinbehandling i Noreg. Dessutan har SIRUS saman med HOD bidrege med eit kapittel i ein rapport utgitt av Europarådet/Pompidougruppen om samanhengen mellom politikken på tobakk-, alkohol- og narkotikaområdet.

SIRUS har også arbeidd med eit evalueringssopdrag frå Helsedirektoratet om utprøving av eit opplæringsprogram for tilsette i kommunane, der målet er å gi auka kompetanse med omsyn til identifisering og oppfølging av gravide og småbarnsfamiliar om bruk av rusmiddel, om psykiske problem og vald i nære relasjonar. Ein rapport blei publisert i 2012.

Den pågåande prøveordninga med Narkotikaprogram med domstolskontroll blir evaluert. I den samanhengen er SIRUS i sluttfasen med oppfølgingsintervjuing av dei 115 fyrste som blei teken inn i programmet. Dei 115 blei intervjuja ved inntak, og følgt opp etter høvesvis eitt og to år. I intervjuja blir det kartlagt bruk av rusmiddel, kriminalitet, psykisk og somatisk helse.

SIRUS har også fokus på bruk av «lette» narkotiske stoff, og på såkalla «rekreasjonsbruk» av illegale rusmiddel. Ei stor endring dei siste åra er framvoksten av ein marknad for såkalla «legal highs», og instituttet har starta eit prosjekt som undersøker bruken av nye syntetiske cannabinoidar blant ungdom/unge vaksne. Eit anna prosjekt, som skal undersøkje ulike sider ved bruken av tradisjonell, organisk cannabis, er også starta opp. SIRUS arrangerte i mai ein nasjonal dagskonferanse: «Hva vet vi om cannabis?», som i tillegg til instituttet sine eigne forskarar hadde bidragsytarar frå Seraf, Uio, FHI og forskingsinstituttet RAND i USA. Ei bok med bakgrunn i konferansen er under utarbeiding. Bruk av vanedannande medikament i befolkninga er også i fokus, og i eit samarbeidsprosjekt med Seraf blir fenomenet undersøkt nærmare.

Som ein metode for å estimere bruk av narkotika i eit avgrensa geografisk område, samarbeider SIRUS med NIVA/FHI i eit prosjekt der ein kombinerer data frå spørreskjemaundersøkingar, målingar i avløpsvatn, og prøvetaking av eit tilfeldig utval av bilførarar. Ein artikkel om kokainbruk, med basis i resultat frå prosjektet, er publisert i eit internasjonalt tidsskrift, og fleire artiklar er under utarbeiding.

Nytt av året er eit prosjekt om bruk av dopingmiddel, dvs. bruk av anabole steroid, veksthormon og ulovlege slankepreparat. Gjennom ei nasjonal kartlegging av førekomst, og dybdeintervju av brukarar, ønskjer SIRUS å auke kompetansen på området.

Rusmidler i Norge er ein viktig og etterspurt publikasjon. Publikasjonen er ei årleg utgiving som inneheld oppdaterte tabellar om forbruk, tilgjengelegheit, økonomi, skadeverknader og kriminalitet knytt til alkohol, narkotika og tobakk. Det blir stadig arbeidd med å kvalitetssikre/forbetre dataa, samt undersøkje moglegheita av å utvide publikasjonen til også å omfatte nye datasett. Av andre viktige dokumentasjonsoppgåver er den årlege rapporteringa av nøkkeltal til det europeiske overvakingssystemet for narkotika (EMCDDA).

3.3 Gruppe for tobakksforskning

Tobakksforskninga ved SIRUS hadde også i 2012 eit tyngdepunkt omkring skadereduksjon, røykeslutt og transisjonen mellom snusbruk og røyking. Vitskapsamfunnet, media og avgjerdestakarar nasjonalt og internasjonalt har etterspurt om snus i Noreg kjem i tillegg til, eller til erstatning for sigarettar. I EU-parlamentet har det ei stund vore ein debatt om hensiktsmessigheita av forbodet mot å selje snus, og erfaringane frå Noreg og Sverige har blitt viktige referansepunkt.

I 2012 blei det frå dette området publisert ein artikkel som samanlikna effekten for røykeslutt med snus med effekten av nikotinerstatningsprodukt. I ein annan artikkel blei det vist at delen dobbeltbrukarar av snus og sigarettar hadde vore stabil i perioden 1985–2010, til trass for at salet av snus hadde auka i same periode. Vidare blei det funne at dobbeltbrukarane hadde 40 % lågare sigarettforbruk enn reine sigarettøykjarar, og at røykeslutt var eit utbreidd motiv for tilleggsbruk av snus. Ein tredje artikkel dokumenterte at røykjarane hadde store feiloppfatningar om risikoforskjellen mellom snus og sigarettar, men at korreksjon av misoppfatningane ville resultere i økt lyst til å nytte snus for å slutte å røykje. Ein fjerde artikkel viste at snusbruk aktiverte få av dei kognisjonane som vanlegvis aukar lysten på å begynne å røykje hos ungdom. Forsking omkring snus og skadereduksjon kan oppfattast som eit kontroversielt emne, noko som har medført at instituttet sine tilsette har delteke i fleire mediedebattar i løpet av 2012.

Noreg er blant dei landa i verda med best utbygd infrastruktur for tobakkskontroll. Ein antologi med bidrag frå fem av instituttet sine forskarar tok for seg røykjarane sitt syn på denormaliseringa av røyking i norsk tobakkspolitikk. Dette 'bottom-up'-perspektivet representerer ei sjeldan tilnærming i tobakksforskninga, der tyngdepunktet mest typisk har lege i myndighetsinitiert styringsforskning. Antologien illustrerte røykjarane sine opplevingar av å bruke eit helsefarleg produkt som i aukande grad blir oppfatta som sosialt uakseptabelt, og som er omgitt av stadig sterkare regulering. Tre av bidraga gjorde klart ulike strategiar som røykjarane møter denormaliseringspolitikken med. Dette kan vere å unndra seg definisjonen som røykjer, vise forsvars- og motstandsteknikkar eller forfalle til resignasjon og fatalisme. Eit av bidraga diskuterte bruk av stigmatisering som eit verkemiddel i folkehelsepolitikken.

Etter åtte dagars rettsføreaving blei saka mellom den største tobakksproduzenten i verda, Philip Morris, og den norske stat avslutta med siger for staten i juni 2012. Philip Morris meinte at forbodet mot synleg oppstilling av tobakksvarer, som blei innført frå 2010, var ulovleg etter EU/EØS sine reglar om fri flyt av varer. Eit vesentleg element i saka var korleis effekt frå oppstillingsforbodet lét seg måle på ein vitskapleg måte. SIRUS hadde produsert fleire av dei mest sentrale underlagsdokumenta i saka, og begge partar refererte til desse i prosedyrane sine. Karl Erik Lund og Hans Olav Melberg frå SIRUS blei førde som sakkunnige partsvitne for Regjeringsadvokaten under rettsforhandlingane. SIRUS sin verdi for saka blei reflektert i domsseiinga der det blei referert til instituttet eller dei tilsette ca. 35 gonger.

3.4 EMCDDA – Focal Point-funksjonen

Det europeiske overvakingssenteret for narkotika og narkotikamisbruk (EMCDDA) blei oppretta i 1993. Noreg har vore medlem frå 2001, med SIRUS som norsk kontaktpunkt.

Avtalen med EMCDDA styrer i stor grad innsatsen gjennom ei rekkje faste oppgåver. Det skal eksempelvis samlast data og informasjon om ulike sider ved narkotikasituasjonen i dei einkilde medlemslanda. Dette blir rapportert til Senteret i form av ein årleg nasjonal rapport, ulike spørjeskjema og ei rekkje standardiserte tabellar, vesentleg innan epidemiologi. Eit anna hovudområde er å delta i utviklinga av fem epidemiologiske nøkkellindikatorar for harmonisering av data på europeisk nivå (sjå sirius.no). Vidare er det eit formalisert samarbeid om å følgje utviklinga av nye narkotiske stoff som er i omløp (Action on new drugs). Noreg deltek også i prosjekt på område som ikkje er direkte avtalefesta. Rapporteringane føreset nært samarbeid med norske forvaltningsorgan og instansar. Kontakt med sentrale aktørar og informantar på rusmiddelfeltet står derfor sentralt.

Årsrapporten for 2012 blei utarbeidd i samsvar med felles retningslinjer frå EMCDDA, og inneheldt ti kapittel med fokus på endringar og ny utvikling. To spesialtema, «Residential treatment for drug users» (forfattar: Astrid Skretting) og «Drug policy in the City of Oslo» (forfattar: Arne Schanche Andresen), inngjekk også i 2012 rapporten. Fleire sentrale instansar utanfor SIRUS bidrog med tekst og data innanfor fagfelta sine.

Gjennom Action on new drugs er det blitt levert data basert på analysar frå Kripos, Folkehelseinstituttet og Tollaboratoriet om narkotiske stoff som skal overvakast spesielt, eller som er nye i Noreg. I 2012 blei det rapportert om nær 30 psykoaktive stoff registrert for fyrste gong i Noreg.

SIRUS har framhaldt samarbeidet med Sundhedsstyrelsen i Danmark, Statens folkhälsoinstitut i Sverige, Institutet för hälsa och välfärd i Finland og Helseidirektoratet på Island om eit lukka e-postbasert nettverk for profesjonelle (NADIS). Nettverket omfattar no rundt 120 fagpersonar, hovudsakleg

frå instansar som avdekkjer tilførsle av narkotiske stoff og som gjer analysar av stoffprøvar. Frå norsk side har 28 personar frå 14 instansar vore tilknytt nettverket.

Som norsk kontaktpunkt deltok SIRUS i lanseringa av EMCDDA sin årsrapport i november, og var pressekontakt for dei norske media. Årsrapporten og pressemeldingane er også utgitte på norsk.

Ny informasjon frå EMCDDA, blant anna gjennom DrugNet Europe og Drugs in Focus, vert kontinuerleg lagt ut på sirius.no. Den europeiske årsrapporten og andre publikasjonar frå Senteret er elles formidla til statlege og kommunale instansar, til kompetansesentera på rusmiddelfeltet og til ei større mengd andre instansar.

SIRUS har eit godt samarbeid med Folkehelseavdelinga i Helse- og omsorgsdepartementet om EMCDDA-arbeidet. I samarbeid med departementet blei det også i november halde eit informasjonsmøte for aktuelle departement, direktorat og tilsyn i samband med lanseringa av EMCDDA sin årsrapport.

Forskarar/ekspertar ved SIRUS, SERAF og Folkehelseinstituttet (FHI) deltek i utviklinga av dei fem nøkkelindikatorane som står sentralt i EMCDDA sitt arbeid for å følgje narkotikautviklinga i Europa. I 2012 har følgjande delteke i dette arbeidet:

- Ellen J. Amundsen (SIRUS): indikator for problematisk stoffbruk (Problem Drug Use)
- Grethe Lauritzen (SIRUS): indikator for etterspørsel etter behandling (Treatment Demand Indicator)
- Sturla Nordlund (SIRUS): indikator for survey om narkotikabruk i den allmenne befolkninga (Surveys in the General Population)
- Thomas Clausen (SERAF): indikator for narkotikarelaterte dødsfall og dødelegheit (Drug Related Deaths)
- Hans Blystad (FHI): indikator for narkotikarelaterte infeksjonssjukdomar (Drug Related Infectious Diseases)

Odd Hordvin leier EMCDDA-arbeidet frå norsk side, og er redaktør for den norske årsrapporten. Marit Edland-Gryt er koordinator for Action on new drugs, mens Anders Bryhni har hatt ansvar for innhenting av statistikk og rapportering gjennom standardtabellane.

Anne Line Bretteville-Jensen er medlem av vitskapskomitéen i EMCDDA

4 Publikasjoner

4.1 Bøker og forskingsrapportar

Buvik, K. & Baklien, B.

Fri flyt. Bartenderes møte med berusede gjester.

SIRUS-rapport 1/2012. Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning.

Hauge, R., Horverak, Ø. & Nordlund, S.

Lastenes møtested. SIRUS 50 år.

Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning.

Krogh, U. & Baklien, B.

Fem år etter Regionprosjektet: Ildsjelers entusiasme og kommunalt hverdagsliv.

SIRUS-rapport 2/2012. Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning.

Lauritzen, G., Ravndal, E. & Larsson, J.

Gjennom ti år. En oppfølgingsstudie av narkotikabrukere i behandling.

SIRUS rapport 6/2012. Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning.

Skatvedt, A. & Edland-Gryt, M.

Øyeblikksomsorg – et verktøy for behandling. Evaluering av 24SJU – et lavterskeltilbud til personer med psykisk helse- og rusmiddelproblemer.

SIRUS-rapport 4/2012. Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning.

Snertingdal, M.

Et opplæringsprogram i tidlig intervensjon blir til.

SIRUS-rapport 5/2012. Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning

Sæbø, G. (red.), med bidrag fra **Bilgrei, O.R., Lund, K.E., Scheffels, J. & Tokle, R.I.**

Vi blir en sånn utstøtt gruppe til slutt..... Røykeres syn på egen røyking og denormaliseringsstrategier i tobakkspolitikken.

SIRUS-rapport 3/2012. Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning.

4.2 Vitskaplege artiklar og bokkapittel

Amundsen, E.J.

Low level of alcohol drinking among two generations of non-Western immigrants in Oslo: a multi-ethnic comparison.

BMC Public Health 2012, 12:535 (23 July 2012) www.biomedcentral.com/1471-2458/12/535

Kielland, K.B., Skaug, K, **Amundsen, E.J.** & Dalgard, O.:

All-cause and liver-related mortality in hepatitis C infected drug users followed for 33 years: a controlled study.

Journal of Hepatology, tilgjengelig online 4. september 2012 doi: 10.1016/j.jhep.2012.08.024.

Reid, M.J., Langford, K.H., Grung, M H. Gjerde, H., **Amundsen, E.J.**, Mørland, J. & Thomas, K.V

Estimation of cocaine consumption in the community: a critical comparison of the results from three complimentary techniques.

BMJ Open 2012;2:e001 637. doi:10.1136/bmjopen-2012-001 637. bmjopen.bmj.com/content/2/6/e001 637.full.pdf+html

Baklien, B. & Skjælaen, Ø.

Loven, fylla og kommunene.

Tidsskrift for samfunnsforskning 2012:1.

Buvik, K. & Sagvaag, H.

Women, Work and Wine.

Nordic Studies on Alcohol and Drugs, 2012, 29(5), 497-518.

Bye, E.K.

Alcohol and Homicide in Europe.

I Liem, M.C.A. and Pridemore, W.A. (Eds.): Handbook of European Homicide Research. Patterns, Explanations, and Country Studies, s. 231-246.

New York: Springer.

Bye, E.K.

Bruk av alkohol og cannabis blant ungdom – Utvikling i perioden 1995-2011.

Tidsskrift for Ungdomsforskning, 2012, 12 (2):89-101.

Edland-Gryt, M. & Skatvedt, A.

Thresholds in a low threshold service. An empirical study of thresholds in a low threshold service for people with drug and mental health problems.
Journal of Drug Policy. online doi: 10.1016/j.drugpo.2012.08.002

Horverak, Ø.

Does Norwegian alcohol policy favour lower alcohol content beverages? A historical overview.

Nordic Studies on Alcohol and Drugs, 2012, 29 (1):7–24.

Haga, S. M., Lynne, A., Slinning, K. & Kraft, P.

A qualitative study of depressive symptoms and well-being among first-time mothers.

Scandinavian Journal of Caring Sciences, 2012 (3): 458–466.

Haga, S. M., Ulleberg, P., Slinning, K., Kraft, P., Steen, T. & Staff, A.C.

A longitudinal study of postpartum depressive symptoms: multilevel growth curve analyses of emotion regulation strategies, breastfeeding self-efficacy, and social support.

Archives of Women's Mental Health, 2012 (3): 175–184.

Lam, E., Kvaavik, E., Hamer, M. & Batty, G.D.

Association of second-hand smoke exposure with mental health in men and women: Cross-sectional and prospective analyses using the UK Health and Lifestyle Survey.

European Psychiatry 2012 Sep 6. [Epub ahead of print]

Kvaavik, E. & Rise, J.

How Do Impulsivity and Education Relate to Smoking Initiation and Cessation Among Young Adults?

Journal of Studies on Alcohol and Drugs, 2012, 73: 804–810.

Larsen, E., Rise, J. & Lund, K.E.

The relationship between snus use and smoking cognitions.

Addiction Research and Theory 20 (6): 447–455.

Lund, K.E. & McNeill, A.

Patterns of dual use of snus and cigarettes in a mature snus market.

Nicotine & Tobacco Research. Published ahead of print, October 2012. (doi: 10.1093/ntr/nts185)

Lund, K.E.

Association between willingness to use snus to quit smoking and perception of relative risk between snus and cigarettes.

Nicotine & Tobacco Research (14):1221–1228.

Moan, I. S., Norström, T., & Storvoll, E. E.

Alcohol use and drunk driving: the modifying effect of impulsivity.

Journal of Studies on Alcohol and Drugs 2012; 74 (1), 114.

Høie, M., **Moan, I. S., Rise, J., & Larsen, E.**

Using an extended version of the theory of planned behaviour to predict smoking cessation in two age groups.

Addiction Research & Theory 2012, 20 (1), 42–54.

Nordlund, S.

Popular norms, alcohol policy and drinking behavior.

In Anderson, P., Braddick, F., Reynolds, J. & Gual, A. (eds.) *Alcohol policy in Europe: Evidence from AMPHORA: 24–31*. The AMPHORA project, available online: amphoraproject.net/w2box/data/Deliverables/AMPHORA_WP9_D3.10.pdf#page=34

Nordlund, S. & Østhus, S.

What is alcohol abuse? Attitudes to drinking in seven European countries.

Addiction Research & Theory. doi: 10.3109/16 066 359.2012.732 630.

Norström, T. & Pape, H.

Associations between adolescent heavy drinking and problem drinking in early adulthood: Implications for prevention.

Journal of Studies on Alcohol and Drugs, 2012,73: 524–548.

Pape, H.

Young people's overestimation of peer substance use: An exaggerated phenomenon?

Addiction 2012; 107: 878–884.

Kovac, V.B. & Rise, J.

«Fuelling» cognitive judgements: worry as a mediator between risk perceptions and intentions to quit smoking.

Europe's Journal of Psychology, 2012, 8:391–401.

Stenseng, F., **Rise, J. & Kraft, P.**

Activity engagement as escape from self: The role of self-suppression and self-expansion.

Leisure Sciences, 2012(1): 19–38.

Rossow, I. & Moan, I.S.

Parental intoxication and adolescent suicidal behavior.

Archives of Suicide Research, 2012; 16: 73–84.

Rossow, I. & Kuntsche, E.

Early onset of drinking and risk of heavy drinking in young adulthood – a 13-year prospective study.

Alcoholism: Clinical and Experimental Research; 2012: published online Sept 13.

Bogstrand, S.T., **Rossow, I.**, Normann, P.T., Ekeberg, Ø.

Studying psychoactive substance use in injured patients: Does exclusion of late arriving patients bias the results?

Drug and Alcohol Dependence; 2012: Publisert online 19. juli doi:10.1016/j.drugalcdep.2012.06.029

Bogstrand, S.T., Gjerde, H., Normann, P.T., **Rossow, I.** & Ekeberg, Ø.
Alcohol, psychoactive substances and non-fatal road accidents – a case control study.

BMC Public Health 2012; published online sept 3. doi:10.1186/1471-2458-12-734

Kuntsche, E., **Rossow, I.**, Simons-Morton, B., Ter Bogt, T., Kokkevi, A. & Godeau, E.

Not early drinking but early drunkenness is a risk factor for problem behaviors among adolescents from 38 European and North American countries.

Alcoholism: Clinical and Experimental Research 2012: publisert online 14. desember. doi: 10.1111/j.1530-0277.2012.01 895.x

Rossow, I. & Norström, T.

The use of epidemiology in alcohol research.

Addiction, 2012: Publisert online 7. november. doi:

10.1111/j.1360-0443.2012.04 031.x

Tørmoen, A.J., **Rossow, I.**, Larsson, B. & Mehlum, L.

Nonsuicidal self-harm and suicide attempts in adolescents: differences in kind or in degree?

Social Psychiatry Psychiatric Epidemiology, 2012: publisert online 27. desember.

Rossow, I. & Bye, E.K.

The problem of alcohol related violence: An epidemiological and public health perspective.

I *McMurran, M. (red) Alcohol related violence*. Chichester: Wiley-Blackwell, 2012 pp. 3–18.

Walby F.A., **Rossow I.** & Tverdal A.

Selvmord, villet egenskade.

I *Dødelighet og dødsårsaker i Norge gjennom 60 år 1951–2010* (Rapport 2012:4), s. 65–66. Oslo: Folkehelseinstituttet.

Scheffels, J., Lund, K.E. & McNeill, A.

Contrasting snus and NRT as methods to quit smoking. An observational study.

Harm Reduction Journal, 2012, 9:10.

Scheffels, J. & Lavik, R.

Out of sight, out of mind? Removal of point-of-sale tobacco displays in Norway.

Tobacco Control, 2012 (Epub ahead of print). doi:10.1136/tobaccocontrol-2011-050 341

Scheffels, J. & Sæbø, G.

Perceptions of Plain and Branded Cigarette Packaging Among Norwegian Youth and Adults: A Focus Group Study.

Nicotine & Tobacco Research, 2012 (Epub ahead of print). doi:10.1093/ntr/nts153

Skatvedt, A & Scheffels, J

Virksom uvirksomhet? Pauser som arenaer for følelsesmessig berøring og biografisk bevegelse.

Sosiologi i dag. Nr. 1. 2012.

Skretting, A.

Should heroin treatment be provided in Norway? A look at the political debate. I Hellman, M., Roos, G. & von Wright, J. (red) *Negotiating the Public Good in times of Transition* s. 241–258. Nordic Centre for Welfare and social Issues, Helsinki 2012.

Brekke, T. & Skretting, A.

Coherence of Norwegian policy for alcohol, narcotics and tobacco.

I Muscat, R. & Pike, B. (red) *Reflections on the concept of coherency for a policy on psychoactive substances and beyond* s 89–100. Council of Europe Publishing, Strasbourg 2012.

van der Sar, R., **Storvoll, E.E.**, Brouwers, E. P. M., van de Goor, I. A. M., **Rise, J.**, & Garretsen, H. F. L.

Dutch and Norwegian support of alcohol policy measures to prevent young people from problematic drinking: a cross-national comparison.

Alcohol and Alcoholism, 47:479–485.

Sæbø, G.

The Regulation of Smoking and Smokers in Norway 1964–2010.

I Hellman, M., Roos, G. & von Wright, J. (eds.): *A Welfare Policy Patchwork. Negotiating the Public Good in Times of Transition* s.21–41. Nordic Centre for Welfare and Social Issues (NVC) Helsingfors, 2012.

Vedøy, T. F.

The role of education for current, former and never-smoking among non-western immigrants in Norway. Does the pattern fit the model of the cigarette epidemic?»

Ethnicity & Health 2012, 1–21. Epub ahead of print

van der Sar, R., **Ødegård, E.**, **Rise, J.**, Brouwers, E.P.M., van der Goor, L.A.M. & Garretsen, H.F.L.

Acceptance of illicit drug use in the Netherlands and Norway: a cross-national survey.

Drugs: Education, Prevention & Policy, 1: 397–405.

Østhus, S.

Health effects of downsizing survival and job loss in Norway.

Social Science & Medicine. 15(5):946–53.

4.3 Dokumentasjon

Buvik, K. & Baklien, B.

Testkjøp på serveringssteder i Oslo sentrum.

Nettrapport: www.sirus.no

Bye E.K. & Østhus, S.

Alkoholkonsum blant eldre. Hovedfunn fra spørreundersøkelser 1985–2008.

Nettrapport: www.sirus.no

Edland-Gryt, M. Bryhni, A., Skretting, A., Lund, M. & Bye, E.K.

Rusmidler i Norge 2012

Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning.

Hordvin, O. (red) med bidrag fra **Amundsen, E.J.**, Andresen, A.S., **Bilgrei, O.R.**, Blystad, H., Brekke, T., Clausen, T., **Lauritzen, G.**, **Skretting, A.** & Sæther, M.B.

The Drug Situation in Norway 2012. Annual report to the Monitoring Centre for Drugs and Drug Addiction – EMCDDA.

Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning.

Horverak, Ø.

